

Ryfylke har Sauda kommune som dekningsområde. Me gir ut to aviser kvar veke og har eiga nettutgave. Avisa hadde i fjor eit opplag på 2 400 eksemplar.

Ryfylke er meir enn berre ei lokalavis. Me leverer òg det meste innan trykksaker.

Avisa har sju tilsette og held til i lyse, trivelege lokale på kaien nær Sauda sentrum.

Sauda er ein god plass å bu. Her er trygge

oppvekstvilkår for barn og unge og mange varierte mulegheiter for fritidsaktivitetar både sommar og vinter. Me er velsigna med korte avstandar og flott natur.

Sauda ligg i Ryfylke i Rogaland med kort veg til Haugesund og Stavanger. Sauda har rundt 4 700 innbyggjarar, eit rikt kultur- og organisasjonsliv, og eit godt utbygd skule- og barnehagetilbod.

## Lokalavisa Ryfylke i Sauda søker

# Grafikar 100 %

Avisa Ryfylke søker grafikar i 100 prosent fast stilling.

Me er på utkikk etter ein person med god grafisk forståing som liker å jobba i eit hektisk miljø. Arbeidet består av avisproduksjon, oppsett og sal av annonsar og trykksaker og kundebehandling.

Me er ute etter ein person med relevant utdanning. Du bør ha generelt gode IT-kunnskapar og kjennskap til adobeprodukta (InDesign, Photoshop, Illustrator, Acrobat).

### Personlege eigenskapar:

- Lagspelar
- Kreativ
- Nytenkande
- Strukturert
- Utadvendt
- Godt humør

### Erfaring/kompetanse:

- Utdanning innan grafisk arbeid er ønskeleg men ikkje eit krav
- Erfaring frå avis-/grafisk produksjon er ein fordel

### Me kan tilby:

- Ein spennande og variert arbeidskvardag
- Dyktige kollegaer
- Løn og arbeidsvilkår etter avtale
- God forsikringsavtale

### Har du spørsmål om stillinga?

Ta kontakt med dagleg leiar Knut Atle Seim, tlf. 908 73 918.

Send søknad med cv innan 30. mai til:  
[knutatle@ryfylke.net](mailto:knutatle@ryfylke.net)